

Norges Jeger- og Fiskerforbund
hilde.noeren@njff.no

Vår ref:

Deres ref:

Skei, den: 13.06.2024

Forslag til foreningsprisen: Årdal jff


NJFF Sogn og Fjordane foreslår Årdal jff til foreningsprisen som skal delast ut på landsmøte 2024. Årdal jff har utmerka seg på mange måtar i mange år, også i denne landsmøteperioden.

Politisk engasjement



Årdal jff har i ei årrekke engasjert seg for blant anna Årdalsvassdraget og har jobba møysommeleg med å få Hydro til å ta omsyn til fisken i vassdraget. Årdal jff vart tidleg sett på nesten som ein trussel av Hydro: «Utfordringen er fortsatt utslepp frå verket og kloakk frå kommunen. *«Foreningen er åpenbart et problem både for vår store bedrift og for andre, men me får pipe med vårt vesle nebb om dette skulle vere til hjelp»*». Ikkje verst av eit jakt- og fiskelag 😊 I dag har laget ein god tone med Hydro. Dei har arbeidd kontinuerlig i over 20 år for å oppnå ein aksept frå både statsforvaltar, kommune og Hydro.

På kommunen sitt ynskje har laget tatt initiativ til samla plan for forvaltning av fiskeressursane i vassdraget. Dei har vore med i referansegruppe for tiltaksplan for Utle, Storelva og Tya, saman med NVE, fylkesmannen, kommunen og Hydro. Årdal jff har engasjert seg i kommunen sine arealplanar, planarbeid for Mannsberg Skiferbrot og vore ein samarbeidspart for kommunen vedrørende viltforvaltning, fiskeforvaltning og naturforvaltning.

Laget har lagt ned mykje arbeid for å verne om villreinen sitt leveområde. Dette gjer dei også fordi villreinen er arealkrevjande og bevarar då andre artar også. Tidlegare i år tok Årdal jff initiativ til informasjonsmøte der dei også inviterte politikarane slik at dei kunne få informasjon om konsekvensar av vindindustri i villreinområdet.



Villrein sitt leveområde vert redusert med minimum 30%
Enda ein bariere på utveksling mellom Årdal-Lærdal og Vestjotunheimen villreinområder



Ryper som trekker mellom betoområder vil vere utsatt for slag frå turbinblada med påfølgende skade og død. Jaktfalken hekkar i nærområdet og føden deira er hovudsakelig rype. Daude ryper på bakken under turbinane gir auka føde for andre predatorar som rev. Auke i tal rev fører igjen til auka predasjon på ryper og deira reir. Jaktfalken plyndra ikkje reir men tek kunn levande fugl og da i hovudsak dei svake, reven plyndrar reir og tek ut heile kull. Inngrepa fører til at ein kjem inn ein vond sirkel som i sum fører til at artar forsvinn. Bestandene av jaktfalk i våre naboland er små og i nedgang. Den norske bestanden utgjør over 25 % av den europeiske og er således ein viktig rekoloniseringskilde for nabolandene



Årdal jff vert ved behov invitert til å delta, eller inviterer seg sjølv på formannskapsmøter, møter med politisk leiing og den kommunale leiinga med informasjon om villrein, Årdalsvassdraget, småviltforvaltning m.fl.

Årdal jff har med sitt arbeid og engasjement kome i andre posisjonar, som i hjorteutval, villreinnråd og liknande. Lokallaget har oppnådd mykje respekt blant grunneigarar og kommunal forvaltning.

Årdal jff markerar seg som eit synleg lag med mykje engasjement og tar ansvar.

Omdømmebygging

Årdal jff legg bevisst vekt på 4 ting i alt sitt arbeid, og bygger visjonen til NJFF (Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid) med desse 4 punkta:

- Haustingsbasert overskot av vilt og fisk
- Tilgang til jakt og fiske ved avtale med grunneigarar
- Opptrer på ein slik måte at ein beheld avtalane
- Skape godt omdømme ved å bidra på samfunnsnyttige tiltak som ein kombinasjon av alle brukarar av naturen.

I alle samanhengar der det er mogleg drar laget fram desse 4 punkta og kva Årdal jff gjer.

Årdal jff har tilrettelagt godt for alle med sti og benkar langs elva, denne blir mykje brukt av innbyggjarane i Årdal. Dei har også laga trapp ned til ei øy midt i elva som blir brukt som rekreasjonsområde.



Årdal jff har eit godt samarbeid med andre organisasjonar. Tidlegare betalte 4H medlemskap i Årdal jff for alle sine medlemmer. Dei samarbeider også med turlaget og Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma FTU Årdal. Hå sistnemnde har dei årleg aktivitet og tilrettelagt fiskesti. Dei samarbeider med kyrkja ved å ta 4 klassingar og presten med ut på fisketur.

Årdal jff har bygd 11 hytter i fjella i kommunen, desse vert leigd ut på inatur.




Laget sel jaktkort på småvilt i eit 400.000 dekar stort område, nesten halve kommunen.

Dei har hjortejakt på to ulike områder med 8 + 6 hjorteløyver.

Årdal jff sel kort for innlandsfiske og anandrom fisk for medlemmer og andre. Årdal jff har ca 12 km lang elvestrekke med laks- og sjøaurevald, samt fiskekort i over 30 fjellvatn.

Totalt har dei avtale med 26 grunneigarar.

Tilgang til utøving av jakt og fiske.



Laget har tilrettelagt for friluftsliv, opplæring og aktiviteter for innbyggerane i Årdal med gapahuk, heva kvaliteten ved Holsbruvatnet med tilretteleggingstiltak



Vellukka elveforebygging i samarbeid med NVE og Årdal kommune, grunneigarar og entreprenørar; gyteplass for fisk reetablert, løfta kvaliteten i området visuelt og funksjonelt.

Årdal jff driv også klekkeri med årleg 5.000 laks, 10.000 sjøaure og 30.000 fjellaure.



Årdal jff oppretta og driv ettersøksringen i Årdal, og har alle kommunale ettersøk og for grunneigarar i Årdal og Lærdal kommunar.

Klubbhus – Utlastova

- Faste klubbkveldar kvar måndag – ein god arena for sosialt fellesskap
- Utleige av toalett i sommarsesongen
- Utleige til selskap for innbyggerane i kommunen



Årdal jff har særst stor dugnadsånd. Berre klekkeriet tar 1.400 timar i året. Vedlikehald og bygging av hytter, rydding langs elva, møter, lagskveldar og aktivitetar tar ca .3000 timar. Årleg arrangerer dei dugnadsfest for medlemmer og samarbeidspartar som grunneigarar. Årdal jff syter for at også grunneigarar sit att med godt omdømme og at dei føler dei bidreg med noko positivt.



Styret i NJFF Sogn og Fjordane tilrår at Årdal jff vert tildelt Foreningsprisen for sitt omfattande og samfunnsnyttige arbeid for medlemmene og innbyggjarane i Årdal kommune.

**Med venleg helsing
For NJFF Sogn og Fjordane**

**Håkon Huseklepp
Styreleiar**